

# **Når foreldre ikkje bur saman.**



**Retningsliner for å sikre samarbeid mellom barnehagane og foreldre som ikkje bur saman.**

Administrativt vedtatt 5.5.2013.

*Formålet til barnehagen er mellom anna å ta vare på barna sine behov for omsorg og leik, og å fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling i samarbeid og forståing med heimen til barna. Det er foreldra som har ansvaret for å oppdra barna sine, og barnehagen representerer eit kompletterande miljø i samarbeid med heimen. Barnehagen må vise respekt for ulike familieformar.*

*Det kan i nokre saker vere vanskeleg for dei tilsette i barnehagane å vite korleis dei skal samarbeide med foreldre som ikkje bur saman. Barnehagane har i samarbeid med kommunalsjef for skule og oppvekst og pedagogisk konsulent utarbeidd retningsliner for å sikre at barnehagane og foreldra har felles kunnskap om innhaldet i omgrepa foreldreansvar, fast bustad og samværsavtale. Denne kunnskapen er viktig for at barnehagane skal kunne oppfylle sin informasjons-, rettleiings- og teieplikt i møte med foreldre som har skilt lag.*

## **FORELDREANSVAR**

### **KVA ER FORELDREANSVAR?**

Foreldreansvar er den rett og plikt foreldra har til å bestemme for barnet i personlige forhold. Personlege forhold vil seie saker som til dømes:

- oppdra barnet
- kvar barnet skal bu
- namnespørsmål
- innmelding og utmelding av trussamfunn og organisasjonar
- pass
- medisinske inngrep
- val av type barnehage (dersom det t.d. er livssynsbarnehagar)

### **FELLES FORELDREANSVAR**

Foreldre som er gift når barnet blir født, har automatisk felles foreldreansvar. Dersom dei flytter frå kvarandre, vil begge framleis ha foreldreansvar dersom dei ikkje avtaler at mor eller far skal ha foreldreansvar aleine. Ei slik avtale må vere sendt til Folkeregisteret for å vere gyldig. Dersom foreldra ikkje blir samde om dette, kan dei be domstolen om å avgjere spørsmålet. Frå 1.1.2006 fekk også sambuande foreldre automatisk felles foreldreansvar. Lovendringane gjeld for barn som blei født etter 1. januar 2006.

Foreldre som ikkje bur saman når barnet blir født, kan avtale at dei skal ha felles foreldreansvar og sende melding om dette til Folkeregisteret. Dette gjelder også foreldre som grunna tidlegare regelverk ikkje har felles foreldreansvar. Meir informasjon om dette kan ein finne på [www.bld.dep.no](http://www.bld.dep.no)

Reglar i lov eller forskrift som gjeld for far, gjeld og for medmor. Som medmor til barnet reknast mor si kvinnelege ektefelle eller sambuar, dersom medmorskapet fylgjer av ekteskap, vedgåelse eller dom. Eit barn kan ikkje ha ein far og en medmor.

### **KONSEKVENSA FOR BARNEHAGEN NÅR FORELDRA HAR FELLES FORELDREANSVAR**

- Begge foreldra har same rett til å delta på foreldremøte.
- Begge foreldre har same rett til å ha foreldresamtaler.
- Begge foreldra kan veljast til samarbeidsutval og liknande.
- Begge foreldra skal inviterast til arrangement og tilstellingar.
- Begge foreldra har rett til same opplysningar frå barnehagen.

- Begge foreldre har rett til opplysningar om barnet og barnets forhold i barnehagen, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnet sin heimesituasjon.
- Samtykkje frå begge foreldre ved tilvising til PPT.

### **FORELDREANSVAR ALEINE**

Det er kun i einiske tilfelle at den eine forelderen har foreldreansvar aleine. Det kan f.eks. vere at foreldra ikkje var gift eller sambuande da barnet blei født (og foreldra ikkje inngikk en avtale om felles foreldreansvar).

Den eine parten kan også ha foreldreansvar aleine etter ei skilsmisse dersom foreldra har gjort ei avtale om det. I nokre saker kan det vere ei rettsleg avgjersle på at bare den eine forelderen skal ha foreldreansvar.

### **KONSEKVENSA FOR BARNEHAGEN NÅR BARE DEN EINE FORELDEREN HAR FORELDREANSVAR**

- Den som har foreldreansvar aleine skal gi den andre opplysningar om barnet når den andre ber om det.
- Den som ikkje har foreldreansvar har rett til opplysningar om barnet og barnets forhold i barnehagen, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnet sin heimesituasjon. Dette gjeld også om vedkommande ikkje har samværsrett.
- Barnehagen kan nekte å gi opplysningar dersom det *kan vere til skade for barnet*. Uttrykket dekkjer ikkje bare situasjonar der opplysningane kan bli brukt direkte mot barnet. Det dekkjer også situasjonar der opplysningane kan bli brukt mot den som har foreldreansvar der dette i neste omgang kan vere til skade for barnet. Ei slik nekting kan klagast på til fylkesmannen. Ei slik nekting bør ha med ei skriftlig grunngjeving grunna retten til klageadgang.
- Den som ikkje har foreldreansvar kan delta på foreldremøte dersom den andre forelderen gir sitt samtykke til det.
- I heilt spesielle tilfelle kan fylkesmannen bestemme at den som ikkje har foreldreansvar skal miste retten til å få opplysningar om barnet. Dette kan skje dersom opplysningsretten er misbrukt eller foreldra har store konflikter.

### **NY SAMBUAR/EKTEFELLE**

Ny sambuar/ektefelle til den som har del i foreldreansvaret, har ikkje krav på å delta i *felles* foreldresamtale/møte når den andre som har del i foreldreansvaret ikkje godtek dette. *Det inneber* at dersom to foreldre med felles foreldreansvar begge ønskjer å møte på det same foreldremøtet, må ein leggje til grunn at begge kan motsette seg at det også møter ein tredjeperson.

Ny sambuar/ektefelle, ev. andre, kan delta i foreldresamtale/møte dersom det bare er den eine forelderen som skal ha samtale og vedkommande gir samtykke til at ny sambuar/ektefelle kan delta på møtet.

### **FOSTERFORELDRE**

Dersom barnevernet har plassert barnet hos fosterforeldre, er det dei som utøver den daglege omsorg på vegne av foreldra. Dette inneber at barnehagen har melde- og opplysningsplikt til

fosterforeldra. Det er bare opplysningar om barnet som skal gjevast. Dei biologiske foreldra med "rest-foreldreansvar" har rett til opplysningar frå barnehagen når dei ber om det. Men her gjeld dei same avgrensingar som nemnt ovanfor med omsyn til om opplysningane kan vere "*til skade for barnet*". Foreldre som er fråteke foreldreansvar i medhald av bvtj.1 § 4-20 kan ikkje krevje opplysningar.

## **DEN BARNET BUR FAST HOS**

### **RETTAR TIL DEN BARNET BUR FAST HOS**

Den av foreldra som barnet bur fast hos har alltid foreldreansvar og:

- Bestemmer i spørsmål som gjeld den direkte daglege omsorg for barnet, slik som klede, mat, sengetid, innetid osb.
- Bestemmer *om* barnet skal gå i barnehage.
- Kan flytte med barnet til ein annan plass i landet.

### **KONSEKVEN SAR FOR BARNEHAGEN**

- Barnehagen forhold seg til den som barnet bur fast hos i spørsmål i kvardagen som t.d. niste, utstyr, turar, osb.
- Det er den som barnet bur fast hos som kan bestemme kven som kan hente og bringe i barnehagen. Dersom hentetida er innanfor samværstida, kan den med samværsrette hente
  - ev. bestemme at ny sambuar, besteforeldre eller andre kan hente.
- I tilfelle med ein dom eller eit vedtak frå fylkesmannen som seier at den med samværsrett skal hente barnet i barnehagen til fastsette tider, må barnehagen kunne utlevere barnet til tross for at den barnet bur fast hos gir ein annan beskjed. Ein føresetnad for dette er at dommen eller vedtaket er dokumentert overfor barnehagen.
- Barnehagen kan ikkje bli pålagt å oppfylle ev. samværsavtale når avtale om samvær ikkje er innanfor hentetid. Det er foreldra som er forplikta til å oppfylle avtalen. Foreldre med samværsrett kan ikkje få utøve samvær i barnehagen dersom dette ikkje er avtalt med barnehagen og den andre forelderen.

### **DELT FAST BUSTAD**

Delt fast bustad inneber at barnet har fast bustad hos begge foreldra (i motsetnad til når barnet har fast bustad hos den eine forelderen, men samvær med den andre). Delt fast bustad inneber ikkje alltid at barnet bur like mye hos kvar, men at foreldra har same avgjerslemynde.

Foreldra kan avtale delt fast bustad. I særlege tilfelle kan også domstolen idømme delt fast bustad mot den eine eller begge foreldra sin vilje.

## **KONSEKVENSAAR FOR BARNEHAGEN**

Ved delt fast bustad må barnehagen forhalde seg til begge foreldra når det gjeld informasjon, henting/bringing, praktiske avtaler om klede, utstyr, turar, samtaler osb.

## **SAMVÆRSRETT**

### **KVA ER SAMVÆRSRETT?**

Barneloven gir barn rett til samvær med begge foreldra, også når foreldra ikkje bur saman. Foreldra kan fritt avtale kva slags samværsordning dei ønskjer å ha. Utgangspunktet er at samværet skal skje ut frå kva som vil vere best for barnet. Begge foreldra har ansvar for at samværsretten blir oppfylt.

## **KONSEKVENSAAR FOR BARNEHAGEN**

Det er foreldra som har ansvar for at samværsretten blir oppfylt - derunder organisere samværsretten. Samværsretten kan ha konsekvensar for barnehagen dersom det er avtalt at den som har samvær skal hente barnet i barnehagen. I slike tilfelle bør barnehagen ha skriftleg dokumentasjon frå foreldra (jf. skjema).

## **SAMTYKKE TIL HELSEHJELP**

Hovudregelen er at begge foreldre med foreldreansvar skal samtykke til helsehjelp til barn. Det er likevel tilstrekkelig at ein av foreldra samtykker til helsehjelp som:

- når det er ledd i den daglege og ordinære omsorga for barnet, til dømes behandling av øyreverk, halsbetennelse, influensa, skrubbsår osb. Denne type helsehjelp kan bli bestemt av den forelder som til ein kvar tid er saman med barnet.

- når kvalifisert helsepersonell meiner det er naudsynt for at barnet ikkje skal ta skade. Denne type helsehjelp kan bli bestemt av forelder med foreldreansvar, og gjeld i tilfelle der foreldra ikkje blir samde, eller der det ikkje er mogleg å få avklart kva begge foreldra meiner. Før helsehjelp blir gitt etter dette punkt, skal begge foreldra med foreldreansvar få seie si meining, dersom det er mogleg. Det er foreldra sitt ansvar å sørge for at barnet får helsehjelp, ikkje barnehagen sitt ansvar. Dersom barnet likevel har behov for akutt helsehjelp når det er i barnehagen, må barnehagen sørge for at barnet får dette. Dersom det er tid til det skal barnehagen kontakte foreldra fyrst.

## **VARSLING VED FLYTTING**

Begge foreldra har varslingsplikt ved flytting. Dette gjeld bustadforelder og samværsforelder. Varslingsplikten inneber at den forelderen som skal flytte, seinast 4 veker før flyttinga, skal varsle den andre forelderen, slik at foreldra har tid og høve til å kome fram til den beste omsorgsløysinga for barnet før flyttinga blir gjennomført.

## **SPØRSMÅL FRÅ ADVOKATAR**

Det kan skje at advokatar tek direkte kontakt per telefon til barnehagen for å få opplysningar i samband med barnefordelingssaker. Det er viktig at barnehagen gir beskjed om at dei må sende skriftleg brev. Ein bør ikkje gi opplysningar over telefon - heller ikkje til advokat. Når det blir gitt opplysningar, bør dette kun vere faktaopplysningar, ikkje vurderingar.

Dei barnehagetilsette har teieplikt, noko som inneber at dei kun kan gi informasjon

til forelderen/forelderen sin advokat om barnet og barnet sitt tilhøve i barnehagen, ikkje informasjon om den andre forelderen eller heimetilhøve hos denne.

## **BARNEHAGEANSATTE SOM VITNE I RETTSSAKER**

Dersom ein tilsett i barnehagen blir stevna som vitne i ein rettssak, er den tilsette pliktig å stille som vitne i retten. Den tilsette er da ikkje pliktig til å gi vurderingar, kun faktaopplysningar. I utgangspunktet er den tilsette forplikta av taushetsplikten også når det gjeld vitnemål i retten. Dersom den som har krav på taushet ikkje har gitt sitt samtykke til at den tilsette kan gi teiepliktige opplysningar i retten, er det fylkesmannen som har mynde til å oppheve teieplikten. I sivile saker, til dømes barnefordelingssaker, vil det vere advokaten som ønskjer å føre den barnehagetilsette som vitne, som har ansvaret for å søkje fylkesmannen om å oppheve teieplikten. I straffesaker vil det vere påtalemynden som har ansvar for å søkje fylkesmannen om fritak frå teieplikten.

I ein del saker retter ein av foreldra sin advokat seg til tilsett i barnehagen og ber vedkommande stille frivillig som vitne i til dømes barnefordelingssak, utan vitnestemming. Den tilsette bør avslå dette. Dersom den tilsette stiller frivillig som vitne for den eine parten i retten, vil det kunne bli oppfatta som at den tilsette/barnehagen har "tatt parti" for denne parten. Dette vil vere uheldig. Det er viktig at barnehagen og de tilsette er tydelege på at dei ikkje vel side i konflikten. Barnehagen skal vere ein konfliktfri sone.

Kjelder:

Barnelova

Barnehagelova

Lov om pasient- og brukerrettigheter

[www.bld.dep.no](http://www.bld.dep.no)

Barneombodet

[www.kd.dep.no](http://www.kd.dep.no)

Skjema til hjelp for foreldre og barnehage. Til utfylling og oppbevaring i barnehagen.

## FORELDRE SOM IKKJE BUR SAMAN

Barnehagen er gjort kjent med at foreldra til \_\_\_\_\_, f. \_\_\_\_\_

ikkje bur saman. Barnehagen har difor behov for ein del tilleggsopplysningar for å kunne følgje opp sitt ansvar overfor begge foreldra.

Barnehagen ber med dette om å få tilbakemelding om foreldreansvar, fast bustad og samværsavtaler som har betyding for barnehagen.

### A. FORELDREANSVAR

..... har felles foreldreansvar med .....

..... har foreldreansvar aleine

### B. FAST BUSTAD (dagleg omsorg)

Barnet har fast bustad hos .....

Barnet har delt fast bustad hos .....

### C. SAMVÆRSAVTALE

Er det fastsett samværsavtale som medfører at forelder med samværsrett skal hente/bringe barnet i barnehagen? Dersom ja - kven?

### D. EVENTUELLE ANDRE OPPLYSNINGAR

.....  
.....  
.....

Underskrift:.....

Dato: .....

Forelder: .....

Dersom det blir endringer i ovannemnde ber vi om at barnehagen får skriftleg informasjon om dette.